



Foto: Annika Thomsson



«Skriving er et av de viktigste redskapene vi trenger for å greie oss i det moderne samfunnet. Det kan ikke diskuteres.»

Kjell Lars Berge, professor i tekstvitenskap

Et samfunn av skrivende

– Skriveopplæringen i den norske skolen har ikke vært mye å skryte av, men nå er vi på rett vei. Det mener professor i tekstvitenskap ved Universitetet i Oslo, Kjell Lars Berge, som holdt hovedinnledningen på Språkdagen 18. november.

Mye har vært sagt og ment om hvor svake norske elever er til å skrive, og resultatene fra nasjonale undersøkelser har vært heller nedslående. Berge mener skolen har satset altfor lite på skriving.

– Skrivning er et av de viktigste redskapene vi trenger for å greie oss i det moderne samfunnet. Det kan ikke diskuteres. Og da må vi sørge for at elevene er rustet til å møte det som venter dem når de går ut av skolen.

Kjell Lars Berge mener hovedårsaken til de svake resultatene er at man hadde et feilslått syn på skriveopplæringen i mange år.

– Mye av feilen er at skriving har vært noe man bare skulle trene på innenfor norskfaget. Og når man først har skrevet i norskfaget, har det gjerne vært imaginære fortellinger av det skjønnlitterære slaget. Men skjønnlitteratur er ikke det elevene først og fremst skal bruke skriving til seinere i livet. De skal jo hovedsakelig skrive faktabaserte og argumenterende tekster i høyere utdanning, ►

Kva skjer med norskfaget?

Hovudutgreiinga frå Ludvigsen-utvalet, *Fremtidens skole*, opnar for omfattande endringar av opplæringa og faginndelinga i norsk skule. Kunnskapsdepartementet har no hatt utgreiinga ute på høyring. I høyringssvaret er Språkrådet opptatt av kva konsekvensar endringane kan få for norsk språk i framtida.

Utgreiinga legg opp til meir samhandling mellom dei ulike språkfaga, men norsk språk får inga spesiell merksemd samanlikna med dei andre språka elevane lærer i skulen. Språkrådet presiserer at innhaldet i skulen må harmonere med språkpolitikken som Stortinget har fastsett, og at ein må ta omsyn til det i det vidare arbeidet.

- ▶ på jobb eller som deltaker i demokratiet. Derfor må de trene på å skrive i alle fag. Politikerne og utdanningsmyndighetene må innse at skriving er et redskap, ikke en kunstform. Det betyr ikke at man ikke også skal skrive på den tradisjonelle måten, men det er ikke der fokuset bør ligge.

Hva innebærer egentlig det å kunne skrive?

– Det grunnleggende er jo å skrive rett. Det trodde man i mange år var noe som ødela for elevenes skriveglede, og dermed la man ikke så mye vekt på det. Det var fullstendig misforstått. Grammatikk og tegnsetting må man ta med en gang. Samtidig må man lære å bygge opp en tekst og tilpasse den til leseren. Og da gjelder det ulike krav til ulike sjangre, så det er viktig at elevene kan skrive ulike typer tekster. Skriving er i det hele tatt ikke lett, og man må skrive mye for å bli god.

Det har vært snakket mye om at yrkesfagelevne må gjennom så mye teori at de helt mister motivasjonen. Er da løsningsen at de skal skrive mer og i flere fag?

– Studier viser at man i dag må kunne skrive også i det som tradisjonelt forstås som manuelle yrker. Vi lever jo i en tid der mye skal dokumenteres skriftlig. Feilen man har gjort på yrkesfag, er å fokusere for mye på skriving som elevene ikke synes er relevant, typisk den mer skjønnerlitterære skrivingen. Alle elever kan bli flinkere, men da må de få en god opplæring, og ikke minst oppleve mening med det de skriver. Jeg er overbevist om at det har blitt delt ut en del skrivevanske diagnoser som egentlig springer ut av dårlig undervisning her i landet.

«Jeg er overbevist om at det har blitt delt ut en del skrivevanske diagnoser som egentlig springer ut av dårlig undervisning her i landet.»

Berge sier at myndighetene nå har begynt å forstå at de må ta tak i skriveopplæringen.

– Det første skrittet i riktig retning kom med skolereformen Kunnskapsløftet i 2006. Da innså man at noe måtte gjøres med undervisningen. Og Ludvigsen-utvalget, som nylig har staket ut kursen for skolen på oppdrag fra kunnskapsminister Isaksen, har i sin siste utredning presisert hvor viktig skriving er som grunnleggende ferdighet. Så selv om det tar tid å få endret gammel praksis, er vi nå på riktig vei.

Den siste tiden har Berge jobbet med et prosjekt som skal gjøre elever flinkere til å skrive. Det såkalte Normprosjektet har som mål å innlemme nettopp skriving i alle fag. Som en del av prosjektet har det også blitt etablert felles oppfatninger av hva som er god skriving.

– En utfordring ved skriveopplæringen har vært at man har manglet felles normer for de ulike klassetrinnene. Det har vi prøvd å gjøre noe med. I tett samarbeid med lærere er vi en gruppe forskere som har etablert forventningsnormer. Elevene har fått varierte skriveoppgaver i alle fag og jobbet mye med skrivingen. Og resultatene har ikke uteblitt. Sammenlignet med kontrollskolene våre viste elevene i prosjektet meget sterk framgang. Undersøkelsen viser at alle elever kan løftes så lenge de får meningsfulle skriveoppgaver.

– Denne måten å drive undervisning på gjør også forskjellene mellom kjønnene mindre. Når guttene opplever motivasjon med skrivingen og blir fulgt tett opp, kan de ta igjen jentene. Det er en viktig lærdom.

Ein fleispråkleg skule

Dei fleste elevane i grunnskulen nyttar fleire språk i skulekvardagen, også utanom timar med undervisning i språkfag. Det gjeld elevar både med og utan eit anna morsmål enn norsk, og både med europeisk og ikkje-europeisk bakgrunn. Lærarane er i stor grad positive til fleispråklegheita, samtidig som mange understrekar at bruken av framandspråk ikkje bør vere ein ekskluderingsfaktor. Det er nokre av funna i *Rom for språk?*, ei undersøking som gir ny kunnskap om fleispråkleg kompetanse og praksis blant elevar i den norske grunnskulen. Undersøkinga er eit samarbeid mellom Språkrådet og MultiLing, senter for fleispråklegheit ved Universitetet i Oslo. Sjå heile undersøkinga på nettsidene til Språkrådet.

Berge understreker at det er krevende å få til en god skriveopplæring, og at både skoleledelsen og lærere må yte en ekstra innsats.

– Å styrke skriveopplæringen vil føre til at mange lærere må ta mer utdanning. Men den investeringen kommer de selv til å se verdien av. I Normprosjektet har vi opplevd veldig positivt innstilte lærere, og det gjelder alle fag. Naturfaglærerne ser at man må kunne skrive for å vise hva man kan om for eksempel hjertet eller hva det måtte være.

Så den norske skriveopplæringen kan forhåpentlig snart friskmeldes. Det er viktig både for barna våre som individer og for samfunnet som helhet.

Astrid Marie Grov

Se alle innleggene fra Språkdagen på Språkrådets nettsider.

Manglende språkkompetanse koster næringslivet dyrt

Vi taper mye mer enn vi tror på manglende språkkompetanse. Det var hovedbudskapet til lingvistikkprofessor Antonella Sorace på Språkdagen.

Engelsken har en privilegert status, og næringslivet i Storbritannia taper store summer på at britene ikke lærer seg flere språk. Studier fra 2011 og 2012 viser at det kan være snakk om 7,3 milliarder britiske pund i året, sa Sorace, som er leder for forskningssenteret *Bilingualism Matters* ved universitetet i Edinburgh.

Hun framholdt at det å beherske flere språk gir oss mer å spille på i forhandlingssituasjoner, noe som er viktig for å oppnå tillit.

Sorace trakk også fram forskning som viser at flerspråklighet styrker kognitive egenskaper som er nyttige i næringslivet, slik som evnen til å ta beslutninger og se en sak fra andres perspektiv. På grunn av de åpenbare fordelene ved flerspråklighet bør selskaper ha en språkstrategi med sikte på å opparbeide språkkunnskaper og ansette medarbeidere som kan flere språk, sa Sorace.

Litt om komma

Denne gongen skal vi sjå på to kommareglar som mange slurvar med.

Regel 1:

Komma når leddsetninga kjem fyrst

Leddsetningar står ikkje aleine, har eit bøygd verb og blir i regelen innleidde av ein såkalla subjunksjon.

Døme:

Då ordføraren kom med framlegget sitt, møtte ho mykje motbør.

At det kan vera vanskeleg å bli høyrd, fekk han merka då han protesterte.

Som eg har sagt mange gonger før, trur eg dette skal gå bra.

Dersom du sluttar tidleg på arbeid, kan vi gå på kino i kveld.

Leddsetningar som inneheld eit vilkår, kan mangla subjunksjon:

Blir vi ikkje ferdige med arbeidet i kveld, må vi finna på noko anna.

Også når leddsetninga er innskoten, skal ho ha komma etter seg:

Ryktet om **at** ordføraren ville trekkja seg, stemte ikkje likevel.

Kari sa at **sidan** ho var ferdig med jobben, ville ho byrja med noko anna.

Mannen (**som**) eg møtte på toget, viste seg å vera ein gammal kollega.

NB: Er verbet eit perfektum partisipp, skal det ikkje vera komma etter.

Døme:

Som nemnt ovanfor er det fleire måtar å løysa problemet på.

Enkelt sagt har de to alternativ å velja mellom.

Regel 2:

Ikkje komma etter noko som liknar leddsetningar

Nokre setningsledd kan minna om leddsetningar, men er det likevel ikkje. Dei manglar eit bøygd verb og skal ikkje ha komma etter seg.

Døme:

Å lesa pensum og løysa oppgåver er viktig for å lukkast på eksamen.

Etter lange og inngående drøftingar vart partane samde om ei avtale.

Personar med ansvar for born og unge er viktige rollemodellar.

Her har vi skrive om setningane slik at dei inneheld eit bøygd verb.

Då er kommaet tilbake:



Om ein les pensum og løyser oppgåver, er det enklare å lukkast på eksamen.

Etter at dei hadde drøfta saka lenge og grundig, vart partane samde om ei avtale.

Personar **som** har ansvar for born og unge, er viktige rollemodellar.



Returadresse:
Språkrådet
Postboks 8107 Dep
0032 OSLO



SPRÅKTIPS

FOR BOKFINKER



Unngå «Retten finner at ...»

Både hos domstoler og i offentlig forvaltning ser vi ofte formuleringer som *Retten finner at det ikke er grunn til å oppheve vedtaket* eller *Direktoratet finner at saken er tilstrekkelig opplyst og kan behandles*.

Verbet *å finne* er i seg selv et grunnleggende verb i språket, og vanligvis er det ingen grunn til å unngå det. Men det bør ikke brukes som i eksemplene over.

I sin *Juridisk og administrativ ordliste* omtaler høyesterettsdommer Karl Arne Utgård denne bruken av *å finne* slik: «*Dette er eit «flytord» som ikkje har noko eigentleg meiningsinnhald.*» Problemet med bruksmåten er at den tilslører at retten eller forvaltningen faktisk har gjort en vurdering og selv har gjort seg opp en mening om eller tatt et standpunkt til noe.

I stedet for *å finne* kan man f.eks. bruke *komme til* eller *mene*: *Retten har kommet til at det ikke er grunn til å oppheve vedtaket. Direktoratet mener at saken er tilstrekkelig opplyst og kan behandles.*

FOR MÅLTROSTAR



Avløysarar for «imidlertid»

«Imidlertid» er ikkje noko ord på nynorsk, og det finst heller ikkje noko synonym. Ordet er svært mykje bruka i bokmål, særleg i meir formelle tekstar. Difor kan ein ofte kome opp i situasjonar der ein treng avløysarord på nynorsk. «Imidlertid» kan veldig ofte erstattast av «men». «Likevel» og «rett nok» er andre aktuelle avløysarar.

Det er alltid fleire måtar å skrive om setningar på, men her er nokre døme:

Vi stiller ikke utdanningskrav. Du må imidlertid kjenne saksfeltet godt. > *Vi stiller ikkje utdanningskrav, men du må kjenne saksfeltet godt.*

Hun holdt et godt innlegg. Tilbakemeldingene var imidlertid delte. > *Ho heldt eit godt innlegg. Likevel var tilbakemeldingane delte.*

Sjefen vil ha ansvar for det meste. Kaffe-traktingen har han imidlertid delegert til sine underordnede. > *Sjefen vil ha ansvar for det meste. Kaffitruktinga har han rett nok delegert til dei underordna.*

SPRÅKEGGET



Bidrag til denne spalten er verpet av skrivende folk i stat og presse.

Dette egget er lagt av en avis: *Området innenfor ring 1 er den sentrale sentrumskjernen.*

Der vi snart får se flere ridende ryttere til hest?

DIKTET

VOGGESONG TIL MAGNUS

Spør ikkje, spør ikkje
guten min,
– våpen er til for fred –
Alle dei klokaste folk i verda
leiger seg våpensmed.

Gråt ikkje – gråt ikkje
leike deg du.
Bygg deg eit slott av plast.
Inne bak mørke løynlege portar
ligg det eit hjarte fast.

Kom skal vi mane ein tanke dit inn,
legg deg på kne og seg:
– Menneskehjarte, menneskehjarte,
nokon har bruk for deg.

Vakna nå opp og driv ditt blod
til øydemarks årenett,
då skyt dei knopp, dei øydemarks liljer
ingen enno har sett –

--

Spør ikkje – spør ikkje
guten min –
Tidsnok vil du forstå:
mor di har ikkje hjarte til svare
før dagen kjem då ho må.

Marie Takvam

ORDKLEKKING

Når du står og trippar om morgonen med ein langtalende kollega mellom deg og stemplingsuret, kjenner du «stemplingsuro». Det skriv konsesjonsavdelinga i NVE, som ikkje vil la tida renna frå folk som ein annan straum.

Over til plankekøyring: Andre ord for det å drukna i møte av ymse slag. Fenomenet og kjensla.

Skriv til stat@sprakradet.no og merk e-posten «ordklekking».

Statsspråk rettar

I førre nummer sneik det seg inn ein feil i «På plakaten». Det skulle ha stått: «Bare den første bokstaven i navnet på statsorganer skal være stor.» De finn korrigert versjon på nettsidene våre. Vi er glade for å ha så mange vakne lesarar!

Språkrådet

www.sprakradet.no
Redaktør:
Astrid Marie Grov, stat@sprakradet.no

Abonnement og adresseendring:
bestilling@sprakradet.no
Utforming: Beate Syversen

Trykk: Zoom Grafisk Opplag: 17 500
Redaksjonen avslutta: 06.11.2015
ISSN 0805-164X